

Seriegründer Christian Pritchard er ny styreleiar i Wattn

Wattn styrkar laget med ny styreleiar. Inn i førarsetet kjem Christian Pritchard – seriegründeren som har vore med å bygge opp og leie nokre av Noregs mest suksessfulle teknologiselskap.

- Christian har ein sjeldan kombinasjon av forretningsforståing, drivkraft og engasjement for å bygge selskap som skaper verdi. Vi er utruleg glade for å få han med på laget i ei tid der Wattn skal ta nye steg nasjonalt som det energismarte straumselskapet, seier Arne Thomas Haram, CEO i Wattn.

Pritchard har stått bak selskap som mellom anna Nortel og Mobitalk, og har dei siste åra markert seg som ei tydeleg stemme innan digitalisering og kundeorientert vekst. Han har brei styreerfaring, og er kjent for si evne til å sette retning, bygge kultur og levere resultat.

- Wattn har eit solid fundament og stort vekstpotensial. Som styreleiar ser eg fram til å bidra til at selskapet tek nye steg nasjonalt. Vi skal vekse sunt og lønnsamt, med kundeverti og eit berekraftig straumforbruk som rettesnor, seier Christian Pritchard

Om Wattn

Straumselskapet Wattn tilbyr framtidsretta produkt og tenester med fokus på smart teknologi og berekraftig utvikling. Målet vårt er å hjelpe kundar å forstå og kontrollere straumforbruk og kostnader. Saman med kundane ønsker vi å redusere straumsløsing og skape ei berekraftig framtid. Wattn har 43 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Ørsta, Stryn, og Kvinnherad.

Kontaktinformasjon:

Arne Thomas Haram, CEO i Wattn
Mobil: 975 66 696
E-post: thomas.haram@wattn.no

Christian Pritchard
Mobil: 966 29 966
E-post: Cp@proffinvest.no